



Rosalind Fosse  
Ramsøyvegen 225  
5310 HAUGLANDSHELLA

Dato: 17.02.2017  
Vår ref.: 2016/402-17  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## **Val til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og representant til fylkesmøtet i KS-organ – melding om vedtak**

Du vert med dette varsla om at fylkestinget i møte den 03.02.2017, i sak 3/17, valde deg som

- Varamedlem i fylkesutvalet
- Varamedlem i fylkesvalstyret
- Representant til fylkestinget i KS-organ

Valet gjeld i den tida Terje Søviknes har permisjon.

Dersom du meiner at du har rett til å bli fritaken etter kommunelova § 14, må du innan 5 dagar etter at du har motteke dette brevet, sende skriftleg melding til Hordaland fylkeskommune. Dersom slik melding ikkje vert sendt i rett tid, vert valet rekna for motteke.

Rett til å krevje fritak etter kommunelova § 14 har den som

1. har gjort teneste som medlem i vedkommande organ dei siste fire åra,
2. er medlem av eit parti som er registrert etter vallova kap. 5 når valet er gjort på grunnlag av listeforslag som ikkje er sett fram av dette partiet.

Bertil Søfteland  
leiar

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*